



REGIONALE  
FORSKINGSFOND  
VESTLAND

---

# Handlingsplan 2021

Vedteken av styret 22.09.2020.



Vestland  
fylkeskommune

## Innhold

1.	Overordna føringar .....	3
1.1	Formål med regionale forskingsfond .....	3
1.2	Prioriteringar for Regionalt forskingsfond (RFF) Vestland .....	3
1.3	Rammeverk og tidsperiode for handlingsplanen.....	4
2.	Prioriterte forskningstema og plan for utlysingar.....	5
3.	Søknadstypar .....	6
3.1	Felles krav for alle søknadstypar i RFF Vestland.....	6
3.2	Krav og føringar for dei ulike søknadstypane .....	7
3.3	Vurderingskriteria.....	8
4.	Mobilisering og samhandling med andre verkemiddel .....	10
5.	Kommunikasjon og formidling .....	10
6.	Økonomisk ramme for 2021 .....	11

---

---

## 1. Overordna føringar

### 1.1 Formål med regionale forskingsfond

Kunnskapsdepartementet har fastsett forskrift om Regionale forskingsfond<sup>1</sup> med verknad frå 1. januar 2020.

#### «Formålet med tilskuddsordningen

Tilskuddsordningen skal styrke regionenes forskningsevne gjennom tilskudd til forskning og innovasjon og gjennom mobilisering til økt FoU-innsats.

#### Regionale forskingsfond har som formål å:

- a) styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling gjennom å
  - i. finansiere forskningsprosjekter av god kvalitet
  - ii. medvirke til at bedrifter og offentlige virksomheter øker sin kompetanse, innovasjonsevne, verdiskaping og konkurransekraft ved å initiere forskning og ta i bruk resultater fra FoU
  - iii. stimulere til et tettere samarbeid mellom FoU-institusjoner og styrke koplingene til næringsliv og offentlig sektor
- b) øke FoU-innsatsen gjennom å
  - i. mobilisere og kvalifisere bedrifter og offentlige virksomheter til å delta i nasjonal og internasjonal forskning
  - ii. støtte FoU-prosjekter initiert av næringsliv, frivillig sektor og offentlige virksomheter inkludert universiteter, høyskoler og andre forskningsmiljøer
- c) bidra til økt forskningskvalitet og til utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljøer gjennom å
  - i. støtte langsiktig, grunnleggende kompetansebygging i relevante forskningsmiljøer
  - ii. knytte institusjonenes FoU-kompetanse til øvrige regionale FoU-aktiviteter og se disse i sammenheng
  - iii. stimulere til fler- og tverrfaglig samarbeid i forskningsprosjekter
- d) arbeide for tett samspill mellom aktiviteter i regionene og deres relasjoner til andre nasjonale og internasjonale forskningsprogrammer og forskningsaktiviteter

Fylkeskommunene skal informere om fondet og formidle fondets forskningsresultater, herunder skape oppmerksomhet om og interesse for fondet i allmennheten og blant aktuelle målgrupper/søkere. (...)»

### 1.2 Prioriteringar for Regionalt forskingsfond (RFF) Vestland

Hovudutval for Næring, naturressursar og innovasjon i Vestland fylkeskommune vedtok 13. februar 2020<sup>2</sup> ei bestilling til RFF Vestland der det heiter at:

RFF Vestland skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor prioriterte innsatsområde:

- Berekraftig verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor
- Gode klima- og miljøløysingar
- Evne til innovasjon og omstilling

---

<sup>1</sup> <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-18-2110>

<sup>2</sup> <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/Details/1158?sourceDatabase=>

### **Prioriterte forskningstema**

RFF Vestland skal med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte innsatsområde for Vestlandet mobilisere til og finansiere forskning innan desse tema:

- › Ny teknologi og prosessar som medverkar til klimaomstilling og til eit grønt skifte.
- › Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi
- › Reiseliv som styrkar lokalsamfunna og gir lågt klimaavtrykk
- › Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling
- › Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke

### **Finansierte brukarstyrt forskning med innovasjonspotensiale**

Bestillinga slår vidare fast at RFF Vestland skal arbeide for at forskinga fondet finansierer gir ny kunnskap med potensiale for innovasjon i bedrifter og i offentleg sektor.

RFF Vestland skal som hovudsak lyse ut midlar med bedrifter og kommunar som målgruppe, men kan også, jfr pkt c i forskrifta om RFF, opne opp for at forskings- og utdanningsinstitusjonar kan stå som prosjektansvarleg søkerar

RFF Vestland skal vurdere om det er grunnlag for å etablere særlege programsatsingar innan utvalde temaområde. Eit verktøy vil vere å aktivt kople aktørar med ulike funksjon innan særleg prioriterte verdikjeder, utviklingsområde eller samfunnsoppdrag.

Det vert føresett at fondsstyret er merksam på balansen mellom offentlege- og bedriftsprosjekt.

### **Mobilisere til forskning og samhandling med andre verkemiddel**

RFF Vestland skal legge vekt på å samordne aktivitetar i fylket og med nasjonale og internasjonale forskingsprogram- og aktivitetar. Fondet skal koordinere aktiviteten sin inn mot fylkeskommunen sine utviklingsmidlar og Innovasjon Noreg sine støttemidlar.

I 2020 har Vestland fylkeskommune to prosjekt i Forskingsrådet sitt FORREGION-program (MobiFORSK og VRI4), der ein arbeider med mobilisering til meir forskning i bedrifter. Verkemidlane er kompetansemekling (kople bedrifter med relevante forskarar), nettverksmøte og forprosjekt. Arbeidet med mobilisering til forskning og finansiering av forskning må vere godt koordinert.

RFF Vestland skal ha spesiell merksemd på å bidra til mobilisering av bedrifter og kommunar til deltaking i Horisont Europa.

## **1.3 Rammeverk og tidsperiode for handlingsplanen**

Styret skal leggje Kunnskapsdepartementet si forskrift og den politiske bestillinga til grunn for sine prioriteringar i handlingsplan. Handlingsplanen skal klårgjere tematisk fokus, økonomiske rammer, opplegg for utlysing av midlar og andre aktivitetar.

Denne handlingsplanen gjeld for 2021 og til ei ny bestilling vert vedteken basert på Utviklingsplan for Vestland og deretter Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland, venta ferdig i juni 2021.

## 2. Prioriterte forskningstema og plan for utlysingar

Som i 2020 vil det verte lyst ut kvalifiseringstøtte i form av forprosjekt.

For 2021 vert det også lyst ut støtte til regionale innovasjonsprosjekt for bedrifter og kommunar i fylket, inkl. fylkeskommunale einingar, samt til regionale samarbeidsprosjekt for godkjende forskingsorganisasjonar i fylket.

Plan for utlysingar:

Utlysingstema	Søknadstype og søkjargruppe	2021
<ul style="list-style-type: none"> <li>› Ny teknologi og prosessar som medverkar til klimaomstilling og til eit grønt skifte.</li> <li>› Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi</li> <li>› Reiseliv som styrkar lokalsamfunna og gir lågt klimaavtrykk</li> <li>› Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling</li> <li>› Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke</li> </ul>	Kvalifiseringsstøtte av typen forprosjekt for: <ul style="list-style-type: none"> <li>› Bedrifter</li> <li>› Kommunar/fylkes-kommune</li> <li>› Forskings-organisasjonar</li> </ul>	Løpande utlysing, med fire fristar for å rekke behandling i neste styremøte
<ul style="list-style-type: none"> <li>› Klimaomstilling og grønt skifte</li> <li>› Samfunnstryggleik og beredskap</li> </ul>	Innovasjonsprosjekt for: <ul style="list-style-type: none"> <li>› Bedrifter</li> <li>› Kommunar/fylkes-kommune</li> </ul> Samarbeids-prosjekt for: <ul style="list-style-type: none"> <li>› Forskings-organisasjonar</li> </ul>	Søknadsfrist 1. desember 2020

Utlysing av forprosjekt vil ha løpande søknadmottak, men med frist for levering og behandling til fire styremøte. Utlysinga av hovudprosjekt vil ha løpande søknadmottak, med siste frist for innsending 1. desember. I hovudutlysinga vil tidlegaste prosjektoppstart vere i mars 2021.

---

### 3. Søknadstypar

Forskrifta gir føring om at regionale forskingsfond skal nytte Noregs forskingsråd sine søknadstypar. Fonda har i samarbeid med Forskringsrådet bestemt desse søknadstypane:

- › Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) – fleksibel søknadstype
- › Regionalt innovasjonsprosjekt (hovudprosjekt) – for bedrifter og offentleg sektor
- › Regionalt kompetanse- og samarbeidsprosjekt – for forskingsorganisasjonar
- › Regionalt forskarprosjekt – for forskingsorganisasjonar

Søknadstypane, med unntak av regional kvalifiseringsstøtte tilsvarar standard søknadstypar i Forskringsrådet. Det er opp til kvart fond å velje mellom søknadstypane.

#### 3.1 Felles krav for alle søknadstypar i RFF Vestland

For alle søknadstypane gjeld desse krava:

- › Prosjektansvarleg søker må vere lokalisert i Vestland fylke og vere registrert med organisasjonsnummer
- › Bedrifter eller samanslutningar av bedrifter som søker må dokumentere relevant forskingskompetanse i eigen organisasjon eller gjennom planlagt innkjøp frå ein FoU-leverandør.
- › Store bedrifter kan berre søkje dersom dei har prosjektsamarbeid med minst ei SMB-bedrift i fylket
- › Godkjende forskingsorganisasjonar som søker må ha minst to norske samarbeidspartnarar frå næringsliv og/eller kommunal sektor. Minst ein må vere lokalisert i Vestland.
- › Kommunar/fylkeskommune som søker må samarbeide i prosjektet med minst ein [godkjend forskingsorganisasjon](#)
- › Støttegrad for forprosjekt og Innovasjonsprosjekt er inntil 70% for bedrifter og kommunal sektor, innafor ramma for statsstøtteregelverket
- › Støttegraden for Kompetanse- og samarbeidsprosjekt er 90 %. Samarbeidspartnarar som ikkje er forskingsorganisasjonar må finansiere egne kostnader og deira kostnader må utgjere minst 10% av dei samla kostnadane i prosjektet. Tilskot vert ikkje gitt som statsstøtte.
- › Utrekning av eigenfinansierte kostnader skal følgje Forskringsrådet sine reglar. Dette gjeld særleg timekostnad for egne tilsette, men også andre utgifter knytt til bruk av eige utstyr m.v.
- › Berre kostnader som vert ført i verksemda sitt ordinære rekneskap vert lagt til grunn for godkjenning av prosjektkostnader. Timer som ikkje er løna kan ikkje reknast som eigeninnsats i prosjekta. Fordeling av faktiske kostnader mellom partnarane som samarbeider i prosjektet vert dokumentert med faktura der også eigeninnsats går fram.
- › Alle søknader må verte sendt inn gjennom det elektronisk søknadmottakssystemet via utlysingane på fondet si nettside

### 3.2 Krav og føringar for dei ulike søknadstypene

Søknadstype	Kven kan søkje og krav til samarbeid	Detaljerte krav og føringar
<b>Regional kvalifiseringsstøtte</b>	<p>Bedrifter, kommunar/fylkeskommune og godkjende forskingsorganisasjonar</p> <p>Spesielle føringar:</p> <p>SMB'ar kan søkje, i tillegg store bedrifter dersom dei har samarbeid med minst ein SMB i Vestland fylke</p> <p>Kommunar/fylkeskommunen må samarbeide med minst ein annan kommune, i tillegg til ein godkjend forskingsorganisasjon</p> <p>Godkjende forskingsorganisasjonar kan søkje dersom dei har eit reelt samarbeid med to eller fleire samarbeidspartnarar frå næringsliv og/eller kommunal sektor, der minst ein er lokalisert i Vestland</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- forprosjekt innan alle tematiske område definert i den politiske bestillinga med formål om vidareføring i eit hovudprosjekt, som kvalifiserer til støtte frå relevante ordningar regionalt, nasjonalt eller internasjonalt.</li> <li>- bedrifter, kommunar og fylkeskommunar kan søkje om førebuing til innovasjonsprosjekt i bedrift eller kommunal sektor</li> <li>- forskingsorganisasjonar kan søkje om førebuing til kompetanse- og samarbeidsprosjekt i Forskningsrådet, RFF Vestland frå andre kjelder</li> <li>- løpande utlysing med vedtak i styremøta</li> <li>- støttebeløp frå 200.000 til 500.000, i inntil 1 år</li> <li>- øvre støttegrense på 70 % etter kategoriane Industriell forskning og Eksperimentell utvikling for kommunar og for føretak (aktør som leverer varer eller tenester i ein marknad)</li> <li>- øvre støttegrense på 90 % for forskingsorganisasjonar</li> </ul>
<b>Regionale innovasjonsprosjekt</b>	<p>Bedrifter og kommunar/fylkeskommune i Vestland</p> <p>Bedrifter må samarbeide med minst ei anna bedrift i Vestland.</p> <p>Store bedrifter kan søkje dersom dei har samarbeid med minst ei SMB i Vestland.</p> <p>Kommunar/fylkeskommunen må samarbeide med minst ein annan kommune i Vestland, i tillegg til ein godkjend forskingsorganisasjon.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utlysingstema:               <ol style="list-style-type: none"> <li>a) Klimaomstilling og grønt skifte</li> <li>b) Samfunnstryggleik og beredskap</li> </ol> </li> <li>- søknadsfrist 1. desember 2020, med prosjektstart i mars 2021</li> <li>- støtte frå kr. 1.000.000 til 3.000.000 i samla støtte pr. prosjekt</li> <li>- prosjektperiode 1-3 år</li> <li>- full utnytting av statsstøtteregelverket for føretak (aktør som leverer varer eller tenester i ein marknad), inntil 70%</li> <li>- krav til løpande formidling gjennom prosjektperioden og <a href="#">open publisering</a></li> </ul>
<b>Regionale kompetanse- og samarbeidsprosjekt</b>	<p>Godkjende forskingsorganisasjonar kan søkje dersom dei har eit reelt samarbeid med to eller fleire samarbeidspartnarar</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- utlysing av samarbeidsprosjekt med frist 1. desember 2020 og tidlegast prosjektstart i mars 2021</li> </ul>

	frå næringsliv og/eller kommunal sektor, der minst ein må vere lokalisert i Vestland	<ul style="list-style-type: none"> <li>- støtte frå kr. 1.000.000 til 3.000.000 i samla støtte pr. prosjekt</li> <li>- samla prosjektperiode 1-3 år</li> <li>- krav til løpande formidling gjennom prosjektperioden og open publisering</li> </ul>
--	--	--

### 3.3 Vurderingskriteria

Regionale forskingsfond har frå 2020 innført fire felles vurderingskriteria for alle søknadstypar:

#### Forskning og innovasjon

- I kva grad det føreslegne arbeidet er ambisiøst, nytenkande og i forkant av forskings- og innovasjonsfronten
- Kvaliteten på dei føreslegne forskings- og utviklingsaktivitetane

#### Verknader og effektar

- Potensielle verknader og effektar av den føreslegne forskinga og innovasjonen
- Plan for kommunikasjon og utnytting av resultatane

#### Gjennomførbarheit

- Kvaliteten på prosjektleiar og prosjektgruppe
- Kvaliteten på prosjektets organisering og styring

#### Regional relevans (Relevans for utlysinga)

- Relevans av søknaden vert vurdert mot krav og føringar i utlysinga

Dei tre fyrste vurderingskriteria er like Forskningsrådet sine, og vert normalt vurdert av eit fagpanel. Det siste kriteriet, Regional relevans, er det som i Forskningsrådet heiter «relevans for utlysinga». Dette kriteriet er meir fleksibelt og kvart fond må tilpasse det til egne prioriteringar og utlysingar.

Vurderingskriteria vil ha meir spesifiserte underpunkt, knytt til kvar søknadstype. For dei tre fyrste kriteria vil Regionale forskingsfond nytte dei same underpunkta som Forskningsrådet for Innovasjonsprosjekt, Kompetanse- og samarbeidsprosjekt og Forskarprosjekt.

For forprosjekt kan kvart fond utvikle utvikla egne underpunkt for alle dei fire kriteria.

Ein karakterskala frå 7 - 1vert normalt nytta.

### Vurderingskriteria for forprosjektsøknader i 2021

Forprosjektsøknader vil verte vurdert etter desse vurderingskriteria, med høve til noko meir justering der forskingsorganisasjonar søker om forprosjekt til Kompetanse- og samarbeidsprosjekt:

#### Forskning og innovasjon (Forprosjekt RFF Vestland)

- I kva grad representerer innovasjonen noko nytt?
- I kva grad er det gjort sannsynleg at innovasjonen vil realisere ei moglegheit, løyse ei utfordring og/eller møte eit erkjent behov?



- I kva grad har prosjektet potensial for å bringe fram ny kunnskap?
- I kva grad er FoU-aktivitetane nødvendige for å lukkast med innovasjonen?
- I kva grad bygger prosjektet på relevant og oppdatert kunnskap?
- I kva grad nyttar prosjektet relevante og anerkjente FoU-metodar?

### **Verknader og effektar (Forprosjekt RFF Vestland)**

#### Verdiskaping

- I kva grad er det gjort sannsynleg at prosjektet (med etterfølgjande hovudprosjekt) vil ha potensial for berekraftig verdiskaping (sysselsetting, miljø, konkurransevne, kommunal tenesteyting eller liknande)?
- I kva grad er det gjort sannsynleg økonomiske gevinstar for søkjar og eventuelle partnerar?

#### Regional betyding

- I kva grad er prosjektet i tråd med prioriteringar i utlysinga?
- Er det gjort sannsynleg at prosjektet vil bidra til å løyse samfunnsmessige utfordringar i Vestland?
- I kva grad har prosjektet tydeleg og truverdig berekraftprofil?

#### Regional kunnskapsoppbygging

- I kva grad er det gjort sannsynleg at prosjektet vil bidra til kunnskapsoppbygging i Vestland?

#### Vidareføring i hovudprosjekt

- I kva grad er det gjort sannsynleg at prosjektet vil bli vidareført i eit hovudprosjekt (finansieringskjelde, forankring og potensielle partnerar)?

### **Gjennomføring (Forprosjekt RFF Vestland)**

#### Kvalitet på organisering av prosjektet:

- I kva grad er det samanheng mellom mål, delmål og aktivitetar?
- I kva grad er arbeidsplanen og ressursane i tråd med mål, tidsplan og leveransar i arbeidspakkane?

#### Kvalitet på prosjektleiar og prosjektgruppe:

- I kva grad har prosjektleiar relevant kompetanse og erfaring for å leie eit FoU-prosjekt retta mot innovasjon og verdiskaping?
- I kva grad har prosjektgruppa den nødvendige kompetansen og ekspertisen for å gjennomføre prosjektet på ein effektiv måte?
- I kva grad er leiing og styring i prosjektet organisert på ei eigna måte?

### **Samlet vurdering fra fageksperten/panelet**

Samlet vurdering fra fageksperten/panelet er et uttrykk for en samlet vurdering basert på de hovedkriteriene som fageksperten/panelet er bedt om å vurdere.

I tillegg vurderer administrasjonen kriterier som «Etikk», «Miljøkonsekvensar», «Kjøn», «Formidling og kommunikasjon» og «Addisjonaltet» (utløysande effekt) der det er relevant. Dette vert presisert i utlysingane.

---

#### **4. Mobilisering og samhandling med andre verkemiddel**

Mobilisering av bedrifter og offentleg sektor, spesielt kommunane, til å nytte forskning, samhandling med andre fond og verkemiddel vil verte prioritert i tråd med den politiske bestillinga Samordning med neste periode i FORREGION-satsinga<sup>3</sup> frå 2021 kan vere ei viktig oppgåve. Den nye regionale planen for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke skal vere ferdig i juni 2021 og vil verke inn på korleis fondet vert innretta framover.

---

#### **5. Kommunikasjon og formidling**

Fondet har vedteke ein kommunikasjonsplan, med desse prioriterte tiltaka:

- › Aktiv kommunikasjon retta mot prioriterte søkjargrupper
- › Nettsatsing og sosiale medium
- › Presentasjon av forskingsprosjekt og popularisere forskingsresultat

---

<sup>3</sup> FORREGION – Forskingsbasert innovasjon i regionane er forskingsrådet si satsing for å auke verdiskapinga, konkurransekrafta og omstillingsevna i heile landet. Forskningsrådet samarbeider med fylkeskommunane om mobilisering. Dei fylkeskommunale mobiliseringsprosjekta skal få fleire bedrifter til å bruke forskning i sitt innovasjonsarbeid og få bedrifter som allereie driver med forskingsbasert innovasjon til å ha høgare ambisjonar.

---

## 6. Økonomisk ramme for 2021

Dei regionale forskingsfonda er finansiert av Kunnskapsdepartementet gjennom årlege løyvingar over Statsbudsjettet.

Det er venta at Kunnskapsdepartementet si tildeling til fondet vert lik den for 2020, det vil seie kr. 18 355 000. 10 % av desse midlane vert sett av til administrasjons- og styringsutgifter. Den resterande summen på kr. 16 520 000 vert sett av til utlysing av prosjektstøtte. I tillegg kjem det inntekt frå renter på midlar frå fondskontoen, tilbakeførte midlar frå prosjekt som ikkje avsluttar etter plan samt midlar frå ekstraløyvinga til Kunnskapsdepartementet i juli 2020. Samla gir dette ei venta ramme til utlysing på vel 21 millionar kroner. Summen er sett med atterhald om ein uavklara situasjon knytt til oppgjeret etter RFF Vestlandet, og vert endeleg fastsett i styremøte 8. desember 2020.

Det vert lagt opp til slik ramme til fordeling av tilgjengelege midlar i 2021:

	Grunnløyving KD	Inklusive ekstra midlar
Utlysing av støtte til forprosjekt	7 260 000	9 260 000
Utlysing av støtte til hovudprosjekt	9 260 000	12 000 000
SUM (kr)	16 520 000	21 260 000

Utlysinga av støtte til hovudprosjekt for 2021 vert publisert med kr. 12 000 000 som øvre ramme, med atterhald om budsjettendring fastsett i desember 2020.